

Fra: Kultur- og idrettsavdelinga - Postmottak (Kultur@hfk.no)
Sendt: 01.12.2015 10:55:39
Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak
Kopi:

Emne: SV: økonomisk støtte til Olav H. Hauge-stiftinga.
Vedlegg:

Fra: Ljono Stauder [<mailto:post@ljono.no>]
Sendt: 30. november 2015 10:17
Til: Hordaland Fylkeskommune - Postmottak
Kopi: Randi Skeie
Emne: VS: økonomisk støtte til Olav H. Hauge-stiftinga.
Viktighet: Høy

God morgon,

Då eg ikkje får svar på denne e-posten til Ronny Skår, vidaresender eg denne til Kulturavdelinga.

Meldinga inneheld informasjon om arbeidet til Olav H. Hauge-stiftinga og trongen for økonomisk støtte frå Hordaland fylkeskommune og Ulvik herad, som er dei to stiftarane.

Vidare spørsmål om kvar me kan søkja om slik støtte, for 2016, dessutan søknadsfrist og om det let seg gjera å få til ei fast årleg støtte, utan søknad for kvart år, lik den me har med Ulvik herad.

Fint om de stadfester mottak, og sender svar på spørsmåla våre.

Torunn Hovland Ljone
 Økonomiansvarleg OHH
 Mob. 95724063

Fra: Ljono Stauder [<mailto:post@ljono.no>]
Sendt: 13. november 2015 15:52
Til: ronny.skaar@hfk.no
Kopi: Randi Skeie (Randi.Skeie@oyer.kommune.no); 'Magnar Lussand' (m-luss@online.no)
Emne: økonomisk støtte til Olav H. Hauge-stiftinga.

Hei,

Sidan du ikkje har ringt, sender eg ein ny e-post, og ventar at eg høyrer frå deg over helga.

Det gjeld, som før, støtte til OHH-stiftinga.

Som du veit, søkte me om å koma med i ordninga om årleg støtte i åra 2016 – 2018.

No ser eg at me ikkje er prioriterte i framlegget frå administrasjonen til Kultur- og ressursutvalet.

Viser til tidlegare informasjon om arbeidet til stiftinga, men skisserer her i korte trekk arbeidet til stiftinga.

Stiftinga er Nynorsk kultursentrum (NK) sin samarbeidspart.

Det er naudsynt med ein viss aktivitet (vanlegvis 2 styremøte i året), sjølv om det er (NK) som driv Olav H. Hauge-senteret.

Me skal sjå etter at avtalen vert overhalden, reforhandla avtalen når det er naudsynt,

og sjå til at boksamlinga og andre materielle verdiar vert forvalta på ein god måte.

Eg legg til at dersom ein av partane skulle koma til å seia opp avtalen, er det OHH-stiftinga som overtek senteret og må sjå etter ny samarbeidspart.

Budsjettet vårt er ikkje stort, men eit visst økonomisk handlingsrom er naudsynt.

Ulvik herad (UH) løyver årleg kr. 7.000, utan at me treng søkja for kvart år.

Ei liknande ordning ynskjer me òg med fylkeskommunen (Hfk). Til no har Hfk løyvd kr. 7.000 både i 2013 og 2014, etter søknad.

For 2015 vart me, som du kjenner til, for seine med å senda søknad.

Det er sjølvstakt viktig at stiftinga får støtte frå Hfk for 2016 og åra framover.

Under kva ordning skal me søkja og kva tid er søknadsfristen?

Let det seg gjera å få til ein praksis lik den me har medUH?

Høyrer frå deg.

Med helsing
Torunn Hovland Ljone
Økonomiansvarleg OHH
Mob: 95724063